

Sluttrapport til Norges Birøkterlag
PoliVest-prosjektet 2017-2019
(Marco Neven)



Felles oppstillingsplass for grensvis pollinering på Nornes i Sogndal kommune (foto; Marco Neven)

Innhald

- Innleiing side 2
- Gjennomføring Side 3
- Evaluering side 5
- Rapportering/forankring til NB side 7
- Vegen vidare side 7
- Sluttord side 8

Innleiing

- April 2016 inviterte Honningcentralen SA (HC), Norges Birøkerlag (NB) og Gartnerhallen (GH) mange aktørar med tilknytning til bierøkt og frukt- og bærproduksjon i Hordaland og Sogn og Fjordane til eit drøftingsmøte om ideen å starte opp eit prosjekt med fokus på honningbiepollinering og honningproduksjon til HC.
Møtet resulterte i at det vart etablert eit interimsstyre med følgjande deltakarar:
 - Leiar : Nina Heiberg - Gartnerhallen
 - Medlem : Endre Bjotveit - Norsk landbruksrådgiving (NLR-Vest)
 - Medlem : Jon Anders Stavang - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 - Medlem : Geir Vagle Stangeland - HC
 - Medlem : Marco Neven - NB
 - Medlem : Anne Karin Hatling – Ressursenter ved Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH)
- Interimsstyret utarbeida eit prosjekt med føremål å auke bruken av honningbier til pollinering i frukt- og bær dyrking i Hordaland og Sogn og Fjordane (Vestland fylke), for på den måte å auke kvalitet/kvantitet på fruktavlingar og volum på honning med lokal identitet levert til HC. Prosjektet vart avgrensa til fruktlager med GH medlemmer, med semje om at viktige resultat i prosjektet skulle delast med heile næringa.
- Februar 2017 var finansiering av prosjektet på plass (Grofondet + eigeninnsats frå aktørane) og interimsstyret vart gjort om til ei styringsgruppe:
 - Leiar : Oliver Prøven - Njøs næringsutvikling A/S
 - Medlem : Sigbjørn Brusletto - Hardanger Fjordfrukt SA (Leif Øye i 2017)
 - Medlem : Jens Terje Hammervoll - Sognefrukt SA
 - Medlem : Anita Roset - Innvik Fruktlager SA (Henriette Alsok Hatling 2017-08.2018)
 - Medlem : Endre Bjotveit - NLR-Vest
 - Medlem : Jon Anders Stavang - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (no Vestland fylke)
 - Medlem : Geir Vagle Stangeland - HC
 - Medlem : Marco Neven - NB
- Budsjetten for prosjektet:
 - Finansiering av PolliVest-prosjektet:

▪ Grofondet	1 000 000,-
▪ HC	225 000,-
▪ <u>Norges Birøkerlag</u>	<u>225 000,-</u>
▪ Budsjettramme	1 450 000,-

Halvparten av NB sitt bidrag vart ytt som kontantbidrag og halvparten i form av tenester.
 - I utgangspunktet stilte fruktlagera som deltok i prosjektet eigeninnsats på inntil kr 760 000,- til rådvelde for tilrettelegging av fasilitetar (slyngerom, lagerplass etc.). Under framdrift av prosjektet synt det seg at dette tilbodet ikkje var tilstrekkeleg etterspurd blant bierøktarane.
- Som NB sin representant i prosjektet – Marco Neven, vil eg informere litt om min bakgrunn i bierøkt- og pollinering. Eg skaffa mine første bier 1974 (Nederland). Gjennom heile min bierøkt har eg tilbydd pollineringstenester. Tideleg på 2000-talet var eg initiativtakar til kursprosjektet

«Bierøktarskulen» (NB, HC, SJH). I perioden 2007-2009 var eg gjennom stiftinga Økopomorka engasjert i eit bierøktprosjekt i Arkhangelsk, i 2014 skreiv eg eit kompendium om honningbiepollinering. Elles har eg har gjennom mange år og i fleire land hold kurs og føredrag om bierøkt og pollinering og gjennom mange år har eg hatt fleire verv i NB.

Gjennomføring

- Erfaringar med individuelle avtaler mellom bierøktar og planteprodusent, innsikt i bierøktarane sin arbeidssituasjon og kunnskap om bienes åtferd, gjorde at styringsgruppa valde å satsa på ein ny og til no uprøvd form for pollineringstilbod; Grendvis pollinering. Metoden går ut på å kartlegge kva kulturar som skal pollinerast innafor eit avgrensa område for ein eller fleire biegardar, for så å velje godt eigna standplass/ar for biene og plassere biefolk i tråd med avtalen som er inngått med eit fruktlager. Dette gir meir effektiv drift for både bierøktarane og planteprodusentane. Fordelane for bierøktarane ligg i berre ein avtalepart og ein meir rasjonell arbeidssituasjon i høve bie garden (m.a. lett vint tilkomst, samla plassering av biefolka). Fordelane for planteprodusentane ligg i betre utnytting av biene, ein meir rettferdig fordeling av kostnaden og totalt sett færre bierøktarar å forholde seg til. Fruktlageret betaler faktura ifrå bierøktarane som er med i avtalen og fordeler denne summen i form av eit pollineringstrekk etter areal per plantekultur el. mengde/verdien av produkta planteprodusenten har levert til fruktlageret.
At biene står sentralt plassert reduserer og moglegheita for å spreie plantesjukdommar og eliminerer ulempa med at mange frukt- og bærhagar ikkje har avsett plass for rasjonell plassering av bie kuber.
- Eit av måla til PolliVest-prosjektet var å skaffe seg praktisk innsikt og erfaringar gjennom praktiske pollineringstiltak (feltforsøk). For å få til dette måtte PolliVest finne fruktlager, grend med frukt-/bær og bierøktarar som ville delta i prosjektet. Det var difor at PolliVest allereie på interimsstyrestadiet knytta band til følgjande fruktlager; Sognefrukt SA på Leikanger, Hardanger Fjordfrukt SA i Utne og Innvik Fruktlager i Innvik. Desse fruktlagera stilte nokre ressursar til rådvelde og tok på seg ansvaret for å finne dyrkargrend som ville delta i pollineringsforsøka. For å kartlegge interessa frå bierøkt-sida tok eg ein ringerunde til fylkes- og lokallaga i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det viste seg at det frå Bergen området og Haugalandet allereie var ein del bierøktarar som deltok i pollineringsoppdrag i Hardanger. Desse valde å knytte seg til PolliVest-prosjektet. Frå Sogn og Sunnfjord var det i første omgang få bierøktarar som meldte sin interesse for deltaking i PolliVest-prosjektet sine feltforsøk Sogn.
- I prosjektgrunnlaget var det og intensjon om at fruktlagra hadde sett av resursar for å være med på å legge til rette for at bierøktarar som var interessert kunne nytte seg av fruktlager sine fasilitetar (bygningmassen) til lagringsplass, slyngerom mv. Det viste seg tideleg i prosjektperioden at denne modellen var lite føremålstenleg. Spesielt reiseavstand og faren for smitte av bie-sjukdommar var bland motargumenta frå bierøktar hald. I 2018 var likevel Sognefrukt SA i dialog med Sogn Bierøktarlag for å sjå nærare på om noko av bygningmassen til Sognefrukt SA kunne passe som felles slyngerom for Sogn Bierøktarlag. Etter ein nærare vurdering konkluderte Sogn Bierøktarlag ikkje å gå vidare med tilbodet frå Sognefrukt SA.
- Som eit tiltak for å motivere fleire bierøktarar til å ville satse på pollineringsbierøkt og å auke tal bierøktarar og biefolk som kunne knytte seg til PolliVest sine feltforsøk etablerte fruktlagra for dei første to år av prosjektperioden ein eige støtteordning. Ordninga gikk ut på at dei som auka sitt kubetal til helst over 25 kuber og ville stille sine biefolk til rådighet for PolliVest-prosjektet sine feltforsøk ville få kr 500,- pr. biefolk dei auka med. Eit motkrav var og at dei og var medlem i NB. I tillegg til dette vedtok HC å yte 35 % innkjøpsrabatt på materiell og utstyr til dei som og var medlem i HC. Resultatet vart at to bierøktarar nytta seg av kubetilskotet for å auke kubetalet med 37 biefolk og at i alt 3-4 deltakarar nytta seg av HC sitt tilbod om rabatt.

- På bakgrunn av at det viste seg å være krevjande å skaffe nok biefolk til dei planlagde feltforsøka vart det og vurdert om fruktlagra sjølve kunne stå for drift av eigen biegard. Grunnen til at det ikkje vart jobba vidare med denne ideen var at det m.a. ville bli krevjande å ha tilgang til kompetent arbeidskraft gjennom heile sesongen, lovverket rund arbeidstid for tilsette i høgsesongen, tilgang til produksjonstilskot og at bierøkt ikkje var ein naturleg del av drifta ved fruktlager.
- Av t.d. NB sitt hefte «Bier & blomster» går det fram nokre opplysningar om kor mange biefolk ein bør har pr. daa. ved pollinering. Mellom anna pga. ulik utforming av plantefelta, været/klima, topografien og ev. hindringar i form av dekkemetodar, finnes det likevel ingen fasit på kor mange biefolk som er optimal. Her må ein gjennom fagleg innsikt, prøving og feiling komme fram til eit tilfredsstillande tal kuber pr daa.. PolliVest-prosjektet har synt at det finnes ein del erfaringsbasert kunnskap om pollineringsbierøkt, men at det er lite vitenskapleg dokumentert kunnskap for norske tilhøve. Ein såg at det er kunnskapshol som ein burde fylle med forskning.
- I juni 2019 arrangerte styringsgruppa ein fagsamling om pollinering på Lofthus. Målet for fagdagen var å motivere forskarar og anna pollineringsrelevante fagfolk til å verte merksam på pollineringsbierøkt og forhåpentlegvis søke om FOU-midlar til forskningstema som vil ha interesse for praktisk pollineringsbierøkt - som t.d. effekten av plasttunnel, vindnetting, plantevernmidlar mv.. De inviterte deltakarar kom frå UIO, NIBIO, NLR og NB.
- Fylkesmannen sin representant i styringsgruppa – fylkesgartnar Jon Anders Stavang, utarbeida m.a.:

- Kartmateriale som tydeleg synte kulturfordelinga i pollineringsgrendene.
- Eit eksempel på korleis ein kan lage eit estimat om kor mange biekuber det er bruk for i dette eksempelet i Sogn og fjordane om all frukt- og bærareal i 2017 skulle pollinerast av honningbier etter talmaterialet om plassering av biefolk jf. NB sitt hefte «Blomster & bier»:

	Sum daa.	Biefolk/daa.	Tal biefolk
▪ Pærer	202	0,1-0,5	20-101
▪ Eple	1.930	0,4-1	772-1.930
▪ Morell	341	0,3-1	102-341
▪ Plommer	768	0,2-1	154-768
▪ Bringebær	1.806	0,1-0,4	181-722
▪ Jordbær	420	1-2,5	450-1.050
Sum	5.467		1.679-4.912

Det er klart at desse tal både for bierøktarane, ev. honningmottak og eit monaleg auke i salsvolum for frukt og bær medfører eit stort næringspotensiale. Det er og eit tankekors at det i Sogn og fjordane i dag er om lag 80 bierøktarar med til saman berre nokre få hundre biefolk som i svært lite grad vert brukt til målretta pollinering.

- Tal kuber som var knytt til PolliVest sine grendvise feltforsøk starta i 2017 med ca. 250 biefolk (Hardanger), ca. 330 biefolk i 2018 (Hardanger og Sogn) og ca. 520 biefolk (Hardanger og Sogn) i 2019.
 - Hardanger Fjordfrukt SA – langs vest- og nordsida av fjorden:
I 2017 var det som tidlegare Håvard Austevik som koordinerte bierøktarane frå Haugalandet i samarbeid med Alf Helge Søyland, som koordinerte bierøktarane frå Bergen. I 2018 og 2019 var det Geir Vagle Stangeland og Sigbjørn Brusletto – begge medlem i styringsgruppa for PolliVest, som stod for koordinering av PolliVest-prosjektet sine feltforsøk. Dei fleste av desse biefolka vart plassert i pollineringsgrend på vestsida av fjorden og nokre titals biefolk vart plassert i pollineringsgren på nordsida.
 - 2017: Ca. 250 biefolk
 - 2018: Ca. 280 biefolk
 - 2019: Ca. 460 biefolk

- I 2019 vart og nokre titalls biefolk som var heimehøyrande i planområdet teke med i feltforsøket.
- Sognefrukt SA – Leikanger og Sogndal kommune:
I Sogn var det Oliver Prøven – prosjektleiar i PolliVest, og Jens Terje Hammervoll – dagleg leiar i Sognefrukt SA, som stod for koordinering av PolliVest-prosjektet sine feltforsøk.
 - 2017: Jf. avtale med Sognefrukt SA og ein rekke medlemmar vart det vart det gjort avtale om å plassere rundt 20-25 kuber frå Sogn og Sunfjord i Leikangen. Men utfordringar rundt sertifisering av desse kuber gjorde at biefolka ikkje var klar for plassering i 2017.
 - 2018: Ca. 54 biefolk (6 leverandørar til 2 grend)
 - 2019: Ca. 61 biefolk (6 leverandørar til 4 grend)
 - Både i 2018 og 2019 vart nokre få biefolk som var heimehøyrande i planområdet teke med i feltforsøket.
 - Innvik Fruktlager SA – Stryn kommune:
Relativt tideleg i prosjektperioden viste det seg at det allereie var bra med biesamfunn i hovudnedslagsfeltet for fruktlageret. Kubane stod stort sett allereie brukbart fordelt i høve frukt- og bærfelta. Enkelte lokalitetar kunne ein gjerne tenke seg å auke litt på tal biesamfunn til pollinering, men det var ikkje tilstrekkeleg med lokalt tiltakskraft for å kunne sette i gang konkrete tiltak.
- Prisen for leige av biefolk til PolliVest sine feltforsøk låg i utgangspunkt på kr 850,- pr. biefolk + kr 150,- for transport pr. kultur (tideleg el. sein). På bakgrunn av at det vart lagt opp til grendvis pollinering med både tideleg og seine fruktkulturar – og ein del i mellomperioden, vart standar prisen pr. biefolk for heile perioden kr 1 850,- (eks. mva.).
 - Ved maksimal bruk av eit biefolk kan kuba først utplasserast på tideleg frukt (t.d. morell), så på sein frukt (t.d. eple) og deretter på bær (bringebær). Etter pollineringa kan ein få med seg lyngtrekket.

Evaluering

- Pollineringsbierøkt er eit eige fagområde i bierøkt som stiller krav om kompetanse, innsikt og ferdigheiter. Inntrykket er at det berre er bierøktarar med spesiell interesse for pollineringsbierøkt som både vil sette seg inn i dette fagområdet og tilpasse drifta av sin bigard til dette føremålet.
- Lovrelaterte restriksjonar for flytting av biefolk som er heimla i t.d. «Forskrift om bierøkt» og «Forskrift om konrollområder for å forebygge, begrense og bekjempe pærebrann» har vore ein merkbar hinder for planlegging av flytting av biefolk.
- Fordi Fruktlagerane var så tett knytt til prosjektet vart det i samband med PolliVest sine feltforsøk ikkje vektlagt å bruke store ressurs på utforming av avtaler. Under normale omstende vil det derimot være svært viktig å ha gode og godt forankra avtaler.
- Den meir tradisjonelle avtale om pollinering er mellom ein bierøktar og ein planteproducent (berre to avtalepart). Ved grendvise avtaler via fruktlager er det gjerne mange avtalepartar som gjer at det stilles litt høgare krav til innhald i avtalen og at det er svært viktig med forankring i alle ledd.
 - Der det er fleire leverandør av biefolk bør desse velje ein koordinator for organisering av bierøktarane og kontakten med fruktlageret. Det vil være rimeleg at den som koordinerer får ein kompensasjon. Om koordinatoren er pollineringsfagleg oppdatert vil det heve kvaliteten pollineringa.
 - Bierøktarane sin koordinator bør i ein tideleg fase av planlegginga ta kontakt med det lokale bierøktar-laget i området der det skal pollinerast. Dette for å prøve å få med seg dei lokale bierøktarar i pollineringa og for å ha ein kontinuerleg dialog med lokallaget for å unngå konflikt som følgje av at ein flytter bier frå andre områder inn i eit område kor

det kanskje allereie er bier frå før (t.d. pærebrann, biesjukdommar og ev. u-ynskja blanding av bieraser). Av same grunn bør fruktlageret og oppmode sine medlemmar om ikkje å inngå individuelle pollineringsavtaler med bierøktarar utan at det er samkøyrd med planen til fruktlageret.

- Viktige avtalemoment:
 - Viktige moment i avtalen mellom bierøktarane sin koordinator og fruktlageret er t.d.:
 - Tydeleg avtale om levering og henting.
 - Tydeleg avtale om leveringsstadar (koordinat), kor mange biefolk som skal stå på kvar oppstillingsplass og standar for tilkomst og oppstillingsplass for kubene.
 - Pris (pr. biefolk/pollineringsvekst eller totalpakke).
 - Korleis handtere ev. oppstått skade på biekuber, kollaps av biefolk og ev. svermar i pollineringsperioden?
 - I tørre område må biene sikrast tilgang til drikkevatn.
 - Viktige moment i avtalen mellom bierøktarane sin koordinator og bierøktarane er t.d.:
 - Biene skal svare til «standarden» (styrke, modus og helse).
 - Biene skal svare til krava jf. lovverket (t.d. Forskrift om bierøkt, Forskrift om pærebrann).
 - Biene skal få forsvarlig stell.
 - For å unngå uheldig blanding av bieraser bør kvar bierøktar opplyse om kva bierase som vert brukt.
 - Omskriving av rutinar rundt tilsyn og handtering av svermar, kubevelt mv.
 - Dato for utplassering og henting av kubene.
 - Korleis ev. kollaps av biefolk skal handterast.
- På tross av rimeleg god pris for leige av biefolk og transport - og dei første to år av prosjektperioden også ekstra godtgjersle for å auke tal biefolk og høve for rabatt hjå HC for dei bierøktarar som hadde inngått avtale med PolliVest, var det krevjande å skaffe nok biefolk for gjennomføring av feltforsøka. I Sogn og Fjordane ordna me og med å skaffe tilgang til standplassar på lyngtrekk langs kysten for å freiste fleire bierøktarar til å delta, utan at det hjelpte.
- Det er eit svært lite fråfall av planteprodusentar som har prøvd honningbiepollinering. Det skuldast at kostnads/nytte effekten til honningbiepollinering er relativt høg i høve andre innsatsfaktorar som gjødning, vatning og gjerne også bruk av plantevernmidlar.
- Spesielt i landsdel med mykje frukt- og bær dyrking – og gjerne frø- og oljevekstar, har pollineringsbierøkt eit stort potensiale for å auke kvantiteten og kvaliteten på avlingane, og dermed lønnsemd for både planteprodusentane og pollineringsbierøktarane. Rasjonelle formidlingstilbod og plassering (gjerne grendvis) ser likevel ut til å være avgjerande for å få til gode opplegg.
- På både aust- og vest-sida av Hardangerfjorden var det i 2018 omfattande bruk av honningbier til pollinering. På Vest-sida - Hardanger Fjordfrukt SA, auka tal biefolk frå ca. 280 i 2018 til ca. 460 i 2019 (64 %) . På tross av mange variablar er det svært sannsynleg at denne auken bidrog til at epleproduksjonen på Vest-sida auka med 21,6 %. Til samanlikning auka epleavlinga på aust-sida av Hardangerfjorden – Ullensvang fruktlager SA, same år med berre 13,1 %.
- Frammøte på samlingar kor Geir Vagle Stangeland og eg har hold føredrag om pollineringsbierøkt syner at det er relativt stor interesse for temaet – både frå bierøkt- og planteprodusentane si side. Det syner seg at det og er relativt stor interesse for å lære meir om dette fagområdet, men at det i grunn ikkje finnes eit lett tilgjengeleg tilbod for å tileigne seg meir kunnskap og innsikt i dette fagfeltet.
- I Sogn viste det seg at pæresorten Celina hadde tilsynelatande spesielle problem med pollinering. Februar 2019 hadde PolliVest eit møte med insektforskar Anders Nilssen (UIO) for å diskutere fenomenet. Dette resulterte i ein arbeidspakke om pollinering i eit forskingsprosjekt på pæresorten Celina.

- Det er ein ulempe å måtte reise langt for å stelle kanskje relativt få biefolk som er på pollineringsoppdrag. Her kan bierøktarane vurdere om det er høve for samarbeid rundt stell av bier og svermekontroll.
- Intrykket er at biefolka som vart utplassert i regi av PolliVest sine feltforsøk hold mål, men det var semje om at det burde utviklast ein standard for styrke, modus og ev. førekomst av sjukdomar.
- PolliVest-prosjektet har bidrege til at fleire bierøktarar har opplevd næringspotensialet i pollineringsbierøkt og fleire fruktprodusentar har stifta kjennskap med honningbiepollinering som ein naturleg innsatsfaktor på linje med gjødsel, vatning og ev. sprøyting.
- For at bierøktarane ikkje berre skal oppfattast som leverandør av biefolk men og som samarbeidspartnar, bør bierøktarane kunne ein del om førebuing av biefolk til pollineringsoppdrag, kjenne til plantekulturen sin fysiologi, utarbeide eit skreddarsydd pollineringsprodukt og kunne bidra til å løyse ev. problem med pollinering.
- NB sitt ressursbruk:
 - I 2017 løyvde NB kr 225 000,- til PolliVest-prosjektet (halvparten i kontantbidrag og halvparten i form av tenester).
 - I heile prosjektperioden har NB sin representant brukt 255 timar (prosjektarbeid, møter, telefontid, presentasjonar mv.).
 - Netto utgift for NB sin deltaking i PolliVest-prosjektet kom på kr 124.480,30 (kontantbidrag pluss tenester minus refusjonar frå PolliVest-prosjektet).
- Under oppsummering av prosjektet synte det seg at prosjektdeltakarane sin eigeninnsats kom opp i mot samme nivå som prosjektet sin totale budsjettamme.

Rapportering/forankring til NB

- I 2016 vart eg – ved sidan av at eg var medlem i NB sitt sentralstyre, vald som representant i interimsstyret for PolliVest. Då interimsstyret i 2017 gikk over til styringsgruppe vart eg vald som NB sin representant i styringsgruppa. Gjennom perioden eg også var med i NB sitt sentralstyre – fram til mars 2018, vart sentralstyret kontinuerleg informert om utviklinga i PolliVest-prosjektet i tilknytning til styremøta. Etter at eg slutta i sentralstyret vart NB sin generalsekretær med jamne mellomrom halde orientert i form av diverse korrespondanse. Juni 2019 var styreleiar – Vegard Sveiven og NB sin freilansjournalist – Roar Ree Kirkevold, til stades under PolliVest sin fagsamling på Lofthus. No som prosjektperioden er over er det naturleg at eg som NB sin representant i styringsgruppa leverer ifrå meg ein sluttrapport om dei for bierøkt-interessante aspekt ved prosjektet.

Vegen vidare

- Dei positive resultatata i PolliVest-prosjektet gjer at Bergenske Bierøktarlag, i samarbeid med Hardanger Fjordfrukt SA og Sognefrukt SA, i samarbeid med sine tidlegare leverandørar av pollineringsbier i 2020 jobbar med å vidareføre og vidareutvikle opparbeid praksis som vart etablert i regi av PolliVest-prosjektet.
- Styringsgruppa i PolliVest ser at det burde vere ei arbeidsgruppe som er sett saman av t.d. NB, Gartnarhallen SA, Norsk Landbruksrådgiving – og kanskje nokon til, for å jobbe vidare med m.a. følgjande tema:
 - Det bør jobbast vidare med å finne ut av i kva grad dekkssystem som plast-tunell, voentak og bruken av vind-netting påverkar insekt sin tilgang til plantekulturar, og korleis dei negative effektane kan reduserast.
 - Det er teikn på at plantevernmiddel som ikkje gjer fysisk skade på insekt likevel kan ha negativ innverknad på innsiktenes pollinering som følge av lukt, endring av

- «honningmerket» på blomen, mv. Det ville vært interessant å konsekvensutgreie desse utilsikta ringverknader.
- Målretta og effektivt honningbiepollinering krev kunnskap og innsikt både til planlegging av plantefelt og stell og plassering av biene. For å kunne auke kunnskapsnivået bør det utarbeidast informasjonsmateriale, kurs, føredrag og/el. seminar med både planteprodusentar og bierøktarar som målgruppe.
På grunn av den stadige utvikling i dette fagfeltet (det skjer m.a. mykje i utlandet) bør kunnskapsbasen haldast oppdatert.
 - Å utvikle ein mal for følgjande typar avtale.
 - Individuelle avtaler for pollinering.
 - Grendvis pollinering
 - Avtale mellom fruktlager og koordinator for grenervis pollinering.
 - Avtale mellom bierøktarane og koordinator for grenervis pollinering.
 - Av avtalene bør det også gå fram ein standard for biefolk som vert nytta til pollineringsoppdrag.
 - NB sin representant i styringsgruppa tilrår NB at rapporten vert send ut til samlege deltakarar og bidragsytarar til prosjektet samt dei som var invitert til skipingsmøtet i Aurland april 2016.

Sluttord

PolliVest-prosjektet har vore eit nybrottsarbeid med deltaking av fleire hundre næringsdrivande og nokre få fritidsaktørar. Det er svært hyggeleg å konstatere at PolliVest-prosjektet har bidrege til mobilisering av så mange fruktdyrkarar og bierøktarar som på kvar si side har fått erfare kva grenervis pollinering går ut på og kva økonomisk potensiale det ligg i pollineringsbirøkt. Tilsvarande resultat vil ein og kunne oppnå i høve bær dyrking, frøproduksjon og oljevekstar - og kor de er honningbier blir det og honning.

PolliVest-prosjektet var eit pilotprosjekt. Dvs. at erfaringane, kunnskapen og materialet kan brukast fritt av alle andre som vil ta konseptet i bruk. Det må understrekast at NB sine lokallag el. fruktlagera sjølve må ta initiativ til å ta kontakt med kvarandre for å få i stand eit samarbeid om pollinering. Eg vil takke alle som har bidrege til resultatata PolliVest-prosjektet har oppnådd og som det kan byggast vidare på.

Det har vore utfordrande å skrive rapport om eit prosjekt som omfattar så mange aktørar, moment og detaljar som det var i PolliVest-prosjektet. Eg stiller meg difor til rådvelde for dei som vil ha utfyllande informasjon om rapporten.

Lærdal, 3 april 2020

(sign.)

Marco Neven